

BESTEMMELSAR TIL AREALDELEN

1 Område for bygg og anlegg

1.1 Generelt

Avgrensing

Bestemmelsane, retningslinjene og plankartet gjeld alle område i kommunen med unntak av areal som er omfatta av Kommunedelplan for Kleppe sentrum, der eigne bestemmelsar gjeld.

For areal som inngår i Interkommunal kommunedelplan for bybåndet sør gjeld i tillegg eigne bestemmelsar og retningslinjer.

Reguleringsplanar vedtekne før kommuneplanen gjeld framleis dersom dei ikkje er i motstrid til kommuneplanen.

For omdisponerte framtidige utbyggingsområde som skal byggjast ut etter planperioden gjeld framleis jordlovas §§ 9 og 12 fram til endeleg vedtak av reguleringsplan for området.

Krav om regulering

I område for bygg og anlegg kan arbeid og tiltak ikkje finna stad før området inngår i godkjent reguleringsplan (pbl §11-9, pkt 1).

For område for fritidsbustader på Sele sør skal slik plan for samla hytteområde ta særleg omsyn til naturtyperegistreringane i området.

Krav om infrastruktur

Oppføring av bygg kan ikkje finna stad før relevante tekniske anlegg og samfunnstenester som t.d. trafikksikker skuleveg, kommunaltekniske anlegg, leikeareal for barn, kapasitetsdekning i skulen og forsvarleg handtering av overvatn, som fordrøying, er etablert.

Overvatn

Overvatn skal handterast ved kjelde med naturleg infiltrasjon og fordrøying. Ny utbygging skal ikkje føra med seg auka avrenning til avløpsnett. Naturlege og kunstige overvassystem skal separerast.

Flom

For å ta vare på sikkerheit langs vassdrag og sjø skal ny utbygging ikkje skje i område som kan vere utsett for ein 200 års flaum eller område som kan vere utsett for stormflo, utan særleg vurdering i ROS-analyse og eventuell sikring. All utbygging skal ivareta sikker flomveg.

Støy

I raud sone i støykart er det ikkje tillate å føra opp nye bygg til støyfølsom bruk.

Gjenoppbygging, ombygging og utviding av bygg til støyfølsom bruk kan tillatast, men ikkje slik at talet på einingar aukar.

Utandørsareal i raud og gul sone kan bare reknast med i uteoppholdsareal eller leikeareal som blir kravt i bestemmelsar i kommuneplan eller reguleringsplanar, dersom støynivået i

brukshøgde (vanlegvis 2 m) blir lågare enn grenseverdien for gul støysone, eventuelt gjennom tiltak.

I byggjeområde skal det utgreiast om området kan nyttast støyfølsom bruk.

Utgreiinga må dokumentera at følgjande krav kan nåast, eventuelt gjennom tiltak:

- Krav til innandørs støynivå i teknisk forskrift.
- Utandørs støynivå på uteareal og ved fasade utanfor opphaldsrom er lågare enn nedre grenseverdi for gul støysone.

I sentrumsområde eller ved kollektivknutepunkt, eller dessutan der omsynet til samordna areal- og transportplanlegging tilseier høg arealutnytting, kan krava fråvikast. Slike fråvik frå grenseverdiene kan først vurderast etter at det er forsøkt å finna utbyggingsløsningar utan avvik, men kor slike løysingar vil gi lite hensiktsmessige planløyningar og/eller uheldige estetiske verknader. Klima- og miljøverndepartementet si Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442/2012, og tilhøyrande rettleiar M-128 frå Miljødirektoratet skal leggjast til grunn.

Universell utforming

Ved alle publikumsretta bygningar, fellesareal, trafikkanlegg med meir, skal utforminga leggje til rette for bruk av alle, dvs at prinsippa for universell utforming skal leggjast til grunn. Prinsippa for universell utforming skal ivaretakast i alt planarbeid.

Kulturminne og -miljø (pbl §11-9, pkt 7 og 8)

Nyare tids kulturminne

Kulturminne med særleg verneverdi skal i størst mogleg grad bevarast. Dette gjeld både kjende kulturminne merka med omsynssone og kulturminne som ikkje er registrert ved planens godkjenning. Retningslinjer i kulturminneplanen skal vere retningsgivande for alle tiltak omtalt i nemnte plan.

Automatisk freda kulturminne

Før område- og detaljplanar kan bli vedtekne må kulturminnemyndigheitene vurderer om føreslått arealdisponering vil føra til konflikt i høve til automatisk freda kulturminn, jf. Kulturminnelova §§ 3, 8 og 9. Dette gjeld alle område i kommuneplanen som ikkje tidlegare er frigjevne av kulturminnemyndigheitene. Tiltak unntake det generelle plankravet (mindre byggjetiltak, idrettsanlegg, område for fritidsbusetnad og liknande) skal sendast kulturminnemyndigheitene for vurdering i samsvar med Lov om kulturminner §§ 3, 8 og 9. Dette gjeld også for tiltak innanfor førmåla grønstruktur og LNF.

RFK har ikke sagt seg enig i arealbruken på kommuneplannivå, jf. Lov om kulturminner § 8,4.ledd.

Parkeringsnormer

Innanfor influensområdet til hovudtrasear for kollektivtrafikk/lokaltog, skal det for kvar bueining, og for kvar 100 m² næringsareal, vere 1 biloppstillingsplass og 0,5 gjesteparkeringsplass. Det skal vere minst 3 sykkelparkeringsplassar.

I øvrige område skal det for kvar bueining, og for kvar 100 m² næringsareal, vere minst 1,5 biloppstillingsplass og 0,5 gjesteparkeringsplass. Det skal vere minst 3 sykkelparkeringsplassar.

1.2 Bustadområde

Ved utbygging av bustadområde skal slik norm leggast til grunn som retningsgjevande:

Krav (av førande karakter) til tetthet i reine bustadområde eller kombinerte bustad- og næringsområde:

Områdetype	Bustad/daa (min-maks)	% BRA (min-maks)
I lokalsentra Øksnavadporten og Klepp stasjon og innanfor influensområdet til hovudtrasear for kollektivtrafikk/lokaltog	4-8	70-120
Innenfor 500 meter frå sentral haldeplass i kommunesenter (Kleppe)	4-10	70-140
Øvrige område i gangavstand (<1 km) til Kleppe	min 3	
Øvrige område	2-4	

Utforming av garasje/uthus og liknande skal tilpassast bustaden. Garasjen/uthuset skal ha eit maksimalt bebygd areal på 50 m² BYA, maksimal gesimshøgde på 3,2 meter og maksimal mønehøgde på 5 meter, begge målt frå overkant garasjebolv. Det kan tillatast fleire bygg innanfor denne ramma dersom det totale arealet ikkje overstiger 50 m² BYA (pbl §11-9, pkt 5).

Det kan i tillegg til tomtas totale tillatte utnytting av ei bustadtomt gis løyve til inntil 50 m² terrasse når denne er samanbunden med bustad og kor høgda er gjennomsnittleg ikkje meir enn 50 cm over bakken.

I prosjekt der bustad er kombinert med anna føremål, skal bustaddelen ha eigen atskilt parkering og eigen inngang (pbl §11-9, pkt 5).

Før område nr 28 Engelsvoll kan byggjast ut, må det lagast ein reguleringsplan som omfattar område 28 og resten av LNF-området utanfor kjerneområde landbruk på Engelsvoll. Planen skal innehalde plankrav knytta til skjerming av Engelsvolltjørna med grøntsoner og skjerming mot veg, jernbane og evt næringsområde. Rekkjefølgekrav om at pelsdyrfarm blir fjerna før området kan byggast ut.

1.3 Handelsetableringar

Nyetablering eller utvidelse av eksisterande handelsverksemd er bare tillate innanfor sentrumsområde, slik desse er lokalisert, dimensjonert og avgrensa i kommuneplan eller kommunedelplan.

I sentrumsområda ved Øksnavadporten og Klepp stasjon er det tillate med etablering av handels- og tenestetilbod som er for innbyggjarane i sentraene sine nærområde i samsvar med dimensjoneringskriterier i regional handelsanalyse. Dimensjonering skal skje gjennom kommunedelplan eller områderegulering. Fram til regional handelsanalyse er etablert, skal eventuelle handeletableringar byggje på handelsanalyse i tråd med prinsippa i regionalplanen kap 4.

Nærbutikk og nærservice har ein arealavgrensing på inntil 1000 m² bruksareal handel og inntil 500 m² bruksareal tenesteyting.

1.4 Næringsområde

Næringsområde på Voll og Pollestad blir rekna som kategori 3-område. Områda skal leggjast til rette for næringsbebyggelse med låg arbeidsplass- og besøksintensitet. Området skal utnyttast med tetthet på minimum %BRA=40 og maksimum %BRA=100. Areal til parkeringsføremål skal begrensast.

Andre næringsområde i kommunen blir rekna som kategori 2-område. Desse områda skal leggjast til rette for næringsbebyggelse med middels arbeidsplass- og besøksintensitet. Områda skal utnyttast med tetthet på minimum %BRA=60-70 og maksimum %BRA=130-140. Områda skal planleggast for høg andel kollektiv- og sykkelreisande, og begrensa parkeringsdekning for bil.

1.5 Område for fritidseigedomar

Plankravet i 1.1 gjeld ikkje for erstatning av bygg/tiltak som er lovleg oppført, og heller ikkje tilbygg/påbygg/bod til desse.

Fritidsbustader som ligg i eller grensar til område verna etter naturvernlova eller ligg nærare enn 50 m frå vassdrag, kan ha eit maksimumsareal på 75 m² BYA m² inkl overbygd terrasse, uthus og garasje og maksimal mønehøgde på 4,5 meter. Fritidsbustader elles kan ha eit maksimumsareal på 120 m² BYA inkl overbygd terrasse, uthus og garasje og ei maksimal mønehøgde på 5 meter. Inngjerding er ikkje tillate. Levegg kan tillatast på eit område på 3x3 meter inntil hytter. Maksimal høgde 1,8 meter, avstand frå eigedomsgrense ikkje mindre enn 3 meter.

2 Anlegg for samferdsel

Hovudvegar skal gi god framkommelighet for køyretrafikk. Dette skal sikrast gjennom ei restriktiv haldning til nye avkøyringar og vektlegging av planskilt kryssing for andre trafikkantgrupper.

Langs hovudårene for kollektivtrafikk skal buss sikrast god framkommelighet, evt gjennom egne felt eller andre prioriteringstiltak.

Ved ny utbygging skal omsynet til viktige gangforbindelsar tilleggast vekt. Ved etablering av nye bustadområde skal det sikrast trygge gang- og sykkelvegforbindelsar til m.a. skule og idrettsanlegg.

Ved vidareutvikling av kollektivknutepunkt som er markert på kommuneplankartet, skal det vere godt tilgjenge for alle brukargrupper. Det skal lagast effektive omstigingsmuligheter. Det skal leggjast til rette for ulike typar sykkelparkering.

Område som kjem inn i sona for restriksjonsplan for Stavanger lufthamn skal forvaltast i samsvar med denne.

Når det gjeld framtidige trasear for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, skal desse på eit tidleg tidspunkt i planleggingsfasen søkast lagt utanom automatisk freda kulturminn.

3 LNF-område

3.1 Generelt

På Voll og Pollestad kan det leggjast til rette for ei avgrensa lokal utvikling som er tilpassa staden sin etablerte størrelse og struktur, og der omsynet til kjerneområde landbruk er avgjerande.

Spreidd utbygging utanfor tettstadene og byggjesona er ikkje tillate. Det kan bare tillatast tiltak som er gardstilknytt næringsverksemd.

Verdifulle landbruks-, natur- og friluftsområde og viktige kulturminneområde utanfor utbyggingsområde skal bevarast mest mogleg samanhengande. Omsynet til biologisk mangfald skal vektleggjast.

Nye byggjetiltak skal ikkje oppførast nærare automatisk freda kulturminne enn 50 meter. Byggjetiltak som er planlagt oppført mellom 50 og 100 meter frå automatisk freda kulturminne, skal sendast på høyring til kulturminnemyndigheitene.

3.2 Bustader i LNF-område

Eksisterende lovlige bebygde bolig- og fritidseiendommer i LNF-områdene er etablert spredt bebyggelse etter pbl § 11-7 nr. 5 b.

Erstatningsbustader, tilbygg, påbygg eller underbygging på eksisterande lovleg etablert bustad kan tillatast med inntil 150 m² samla BYA i 100-metersbeltet til vassdrag. Utanfor 100-metersbeltet kan bustader inntil 200 m² BYA tillatast. Frittliggjande garasje/uthus på maksimal størrelse 50 m² BYA, mønehøgde 5 m og gesimshøgde 3,2 m målt frå golv, kan tillatast samla eller delt på fleire bygg.

3.3 Gardshus til drift av landbrukseigedom

På bruk med avgrensa ressursar og/eller ikkje sjølvstendig drift, er det ikkje tillate med meir enn ein bustad.

Behov for meir enn ein bustad på gardsbruk i aktiv drift må vurderast konkret og individuelt med bakgrunn i bruksstørrelse og faktisk produksjonsomfang på søknadstidspunktet. Behovet må dokumenterast av brukar sjølv.

Bustad til gardsknytt næringsverksemd skal plasserast i eksisterande tun med teneleg lokalisering i høve til drifta på bruket, og for tilsyn og deltaking i produksjonen på landbrukseigedom. Arealforbruket skal minimaliserast ved bruk av eksisterande atkomst og tun.

3.4 Bygging og lokalisering av driftsbygningar

Nye driftsbygningar skal som hovudregel plasserast som ein integrert del av eksisterande tun. Bygningane må i minst mogleg grad byggjast på dyrka jord.

Byggjesøknad må dokumentera at alternative plasseringar er vurdert. Riving av eldre driftsbygningar og gjenbruk av tomt skal inngå i ei slik alternativsvurdering. Omsynet til gode løysingar for drifta, arealforbruk, kulturminne, miljø- og kulturlandskap og byggjeestetikk er sjølvstendige moment som skal vurderast av kommunen ved byggjesaksbehandlinga.

3.5 Bruksrasjonalisering

Frådeling av tun ved sal av resteigedom som tilleggsjord til nærliggjande bruk kan vurderast der ein oppnår ei god bruksrasjonalisering av samfunnsmessig vekt.

Størrelsen på frådelte tun skal avgrensast til bustad med tomt. Frådelte tun skal ikkje inkludera jordbruksareal. Tilleggsjorda skal seljast til nærliggjande bruk.

Driftsbygningar skal ved frådeling som hovudregel følgja tilleggsjorda.

For driftsbygningar med liten verdi for verksemda eller samfunnet skal det vurderast vilkår om riving for delingssamtykket.

3.6 Tilleggsnæringar i landbruket

Tilleggsnæringa må ikkje vere til vesentleg ulempe for omkringliggjande eigedomar. Tilleggsnæringa må vere knytt til landbrukseigedomen.

3.7 Alternativ bruk av ledige driftsbygningar på landbrukseigedom.

Bruk av bygningar til verksemd ut over gardstilknytt næringsverksemd tillatast som hovudregel ikkje.

Omsynet til landbruksdrift i området og gardens ressursgrunnlag skal leggjast til grunn som den overordna interessa ved vurdering av søknader om bruksendring.

Bruk til føremål som krev større og varige investeringar i eksisterande bygg er ikkje tillate.

Godkjent bruksendring bør gis for tidsavgrensa periode, ikkje varig endring.

3.8 Alternativ bruk av ledige driftsbygningar på frådelte tun

Bruksendring av eksisterande driftsbygningar eigna til passiv næringsbruk (td lager), kan vurderast. Bruken må vere forenleg med landbruksinteressene i området. Seinare oppføring av nybygg eller utviding av eksisterande driftsbygning er ikkje tillate.

Bruksendring til publikumsretta verksemd tillatast som hovudregel ikkje.

Godkjend bruksendring bør gis for ein tidsavgrensa periode, og ei varig endring kan vurderast etter at den tidsavgrensa perioden er gått ut og drifta ikkje har skapt konflikt med m.a naboar/landbruksdrift.

3.9 Bustadfortetting i landbruksområde

Bustadfortetting på frådelte tun eller på spreidde bustadeigedomar i LNF-område er ikkje tillate.

3.10 Massefyllingar

Alle område som skal vurderast brukt til deponering av reine massar, skal behandlast som saker etter plan- og bygningslova og aktuelle særlovar, både på kommuneplan- og detaljplannivå. Behandlinga må også omfatta krav om tiltak for å hindra forureining av vassdrag.

Regionalt grøntdrag og restareal som myr, ugjødsla beite mm som er særleg verdifulle for biologisk mangfald, vasskvalitet og som attverande landskapselement, skal ikkje nyttast til deponering av massar.

Før reguleringsplanar for nye byggjeområde blir godkjent, skal det krevjast ein plan for deponering av overskotsmasse frå byggjeområda.

Generelt bør massedeponering skje i område der det er tatt ut byggjeråstoff eller på dyrka areal. Massedeponering skal utførast på ein slik måte at arealet etter avslutta deponering kan dyrkast opp til betre kvalitet enn før deponering.

Massedeponi skal i størst mogleg grad leggjast til stader i terrenget der deponiet er underordna det eksisterande landskapsbiletet i området, og der det blir tilpassa eller auker kvaliteten for omkringliggjande areal på ein tilfredsstillande måte.

3.11 Matjord

Matjord frå nye godkjente byggjeområde må brukast som ein ressurs på ein berekraftig og landbruksforsvarleg måte.

4 Grønstruktur

Ved regulering skal det leggjast inn rekkefølgebestemmelsar om at turdrag i tettbebyggelse skal opparbeidast. Desse skal tydeleg framstå som offentleg tilgjengelege område.

5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med strandsone – pbl § 11-7, nr 6

Alle tiltak i sjø og vassdrag skal avklarast med kulturminnemyndigheitene jf. KML §§ 9 og 14 og kulturminne og kulturmiljø §10.

6 Omsynssoner

Område langs vassdrag (560_2)

I område langs vassdrag inntil 100 meter frå vassstrengen er arbeid og tiltak ikkje tillate (jf pbl § 1-8), samt frådeling til slike føremål.

For varig verna vassdrag gjeld også retningslinjer for verna vassdrag.

Automatisk freda kulturminner (H730). Områda er freda i samsvar med lov om kulturminne av 1978, jf. §4.

Det er ikkje tillate å gjera tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturminnemyndigheitene, jf. Kulturminnelova § 3 og § 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor områdaa vist som byggjeområde (bebyggelse og anlegg, samferdsle og teknisk infrastruktur) skal, med tilstrekkeleg vernesone jf. Kml § 6, søkast bevart gjennom omsynssoneregulering i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknende i framtidig område/detaljregulering. Det skal i samband med framtidig reguleringsplanarbeid utarbeidast skjøtselsplan for det arealet som blir avsett til omsynssone kulturminne innanfor planområde.

Andre sikringssoner, høgderestriksjonar kring Stavanger lufthamn Sola (H190)

Innanfor omsynssone H190_1 gjeld dei høgderestriksjonar som er gitt med koter på restriksjonsplan for Stavanger lufthamn Sola, Avinor sin teikning ENZ-P-08 datert 12.03.2010. For område som ligg mellom dei viste koter, skal høgderestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon. Innanfor restriksjonsområdet kan det ikkje etablerast hinder (bygg, vegetasjon, anlegg eller andre innretningar) som overstig høgderestriksjonane gitt på plankart.

Alle nye reguleringsplanar innanfor H190_1 skal innarbeida høgderestriksjonane i form av eigen omsynssone på reguleringsplanane, jf PBL §§ 12-6 og 12-7. Alternativt må det i nye reguleringsplanar bli gitt bestemmelsar med maksimal tillaten mønehøgde som ikkje overstig høgderestriksjonane i restriksjonsplanen ENZ-P-08 for lufthamna.

Alle søknader om etablering av nye bygg og anlegg innanfor omsynssone H190_2 dvs. område med byggrestriksjonar rundt navigasjonsanlegg ved Stavanger lufthamn Sola vist med koter på Avinor sin teining ENZV-P-09 datert 12.03.2010, skal handterast etter eigne sakshandsamingsrutiner. For område som ligg mellom dei viste koter, skal byggjerestriksjonen bereknast gjennom interpolasjon.

Støysoner rundt Stavanger lufthamn Sola (H220)

Innanfor gul støysoner kan ny støyfølsom bebyggelse vurderast dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med Miljøverndepartementet si retningslinje T-1442/2012 for handsaming av støy i arealplanlegging.

Ved søknad om løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 innanfor omsynssona, skal det utarbeidast rapport med bygningsteikningar og utomhusplan som viser støyisolering/støtskjerming i samsvar med teknisk forskrift. Nødvendige støyreducerande tiltak skal vere gjennomførte for ein gir ferdigattest.

Turvegtrasè langs Figgjovassdraget (H540_5)

Det skal etablerast turveg innanfor omsynssona.

Område for fritidsbustad Sele (Krav om reguleringsplan)

Før det blir gitt byggjeløyve til nye fritidsbustader innanfor omsynssynssona, skal det utarbeidast reguleringsplan for heile området samla. Planen skal ta særleg omsyn til naturtyperegistreringane i området.

RETNINGSLINJER TIL AREALDELEN

Område for bygg og anlegg

For område avsett til bustadføremål, skal utbygging skje i slik rekkjefølge:

Perioden 2014-2017

Nr 24 Tu
Nr 27 Tjøtta
Nr 12 og 18 Orstad
Nr 22 Kleppevarden
Nr 17 Sporafjell

Perioden 2018-2021

Nr 22 Kleppevarden
Nr 12 og 18 Orstad
Nr 17 Sporafjell
Nr 32 Klepp stasjon vest
Nr 27 Tjøtta

Perioden 2022-2025

Nr 34 Nordlysvegen (del)
Nr 32 Klepp stasjon vest
Nr 33 Pollestad (del)
Nr 29 Tjøtta (del)
KB 3 Orstad (del)

Følgjande område skal byggjast ut etter planperioden 2014-2025:

11, 28, 29(del), 30, 31, 33(del), 34(del), KB3(del), KB1, KB2, KB4

Bustader

Alle bustader innanfor kommunesenter, lokalsenter og område 300 meter frå hovudkollektivtrase, skal ha eit minste felles uteareal på 30 m². I øvrige område skal dette minimum vere 50 m². Felles uteoppholdsareal skal ha trafikksikker atkomst frå bustadene og vere skjerma frå trafikk, forureining og støy, samt ha godt innsyn. Minimum 50% av uteoppholdsareal skal ha sol ved vårjevndøgn kl 15.00. Alle bustadeiningar skal ha privat uteplass. Ved fortetting av meir enn 3 tilgrensande samla i eksisterande bustadområde, skal det utarbeidast ny reguleringsplan.

Utandørs møtestader

Utforming av utandørs møtestader skal ta utgangspunkt i følgjande:

Type areal	Utløysande tal	Dekker inntil	Min. størrelse	Maks avstand til bustad
Nære utandørs møtestader	25 bustader	200 bustader	1500 m ²	150 meter
Ballfelt	150 bustader	600 bustader	2500 m ²	400 meter
Sentrale leikefelt	600 bustader	1200 bustader	6000 m ²	God og trafikksikker tilgjengelighet

Grønstruktur

Ved regulering av nye bustadområde skal slike areal- og avstandsnormer nyttast:

- 500 meter som største avstand mellom bustad og nære friområde eller regional/overordna grøntstruktur
- 20 dekar som minste størrelse på nære friområde
- 3 km som minste lengde på overordna turveg
- Område med særlege kvalitetar skal sikrast, td stille område, utfordrande leikeområde og område med særleg rikt artsmangfald

Fritidseigedomar

Ved plassering av bygg/tiltak skal det leggjast vekt på tilpassing til terrenghøve, landskap og at natur i området ikkje blir skadelidande. Eksisterande terreng og vegetasjon skal i utgangspunktet bevarast. Eventuell endring av terreng skal framkoma ved søknad om byggjeløyve. Ved val av farge skal det nyttast farge som ikkje framhevar tiltaket frå omgjevnaden. Bygg skal utformast med takfall på langs av lengste fasadelengde, og parallelt med kotene i terrenget.

Omsynssoner

Område langs vassdrag (H560-2)

For verna vassdrag (Figgjo og Orre) skal dei rikspolitiske retningslinjene for verna vassdrag leggjast til grunn for ei differensiert forvaltning av vassdragsbeltet. Det er bare hovudstrengen i vassdraget som er avgrensa og klasseinndelt. Delar av vassdraget som ikkje er klasseinndelt på kart skal forvalta i samsvar med klasse 2. For tiltak langs Figgjoelva, sjå forvaltningsplan.

Klasse	Innhald	Forvaltning
Klasse 1	Vassdragsbelte i og nær tettstader som er eller kan bli viktig for friluftslivet	Ein må unngå inngrep som er til skade for pedagogiske verdiar, friluftsverdiar, fiske og framkommelighet langs vassdraget.
Klasse 2/2A	Vassdragsbelte med moderat inngrep i sjølve vasstrengen, og der nærområda er utmark, skog og jordbruksområde med spreidd busetnad (klasse 2) Strekningane har stor opplevingsverdi eller natur-/kulturvitenskapeleg verdi (klasse 2A)	Hovudtrekka i landskapet må oppretthaldast. Ein bør unngå inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vassdraget, i sjølve vasstrengen og i dei områda som blir oppfatta som ein del av vassdragsnaturen. Leveområde for truga plante- og dyreliv og mindre område med stor verneverdi bør ha særleg vern (klasse 2). Ein må unngå alle former for omdisponering av areal i vassdragsnære område og inngrep som reduserer vassdraget sin verdi. (klasse 2A). I både klasse 1 og 2/2A skal det vere ei sone på minst 5 meter langs vasstrengen målt frå strandlinja i horisontalplanet som ikkje skal gjødslast eller haustast

Område for naturmangfald (H560-5)

Det er forbode å nytte området til landingsplass for luftfartøy når det ikkje er i direkte samanheng med tradisjonelt jordbruk, ambulanseteneste eller særlege arrangement/tiltak (etter søknad).

Området er særleg viktig som randområde for verneområde på begge sider og for fleire fugleartar som er del av verneføremåla. All verksemd innafor området skal så langt som råd ta omsyn til fuglelivet, særleg i hekkesesongen mellom april og august.

Tiltak som krev godkjenning frå kommunen skal ha omsyn til fugleliv som grunnleggande premiss. Tiltak vil bli handsama restriktivt dersom dei blir vurdert som konfliktfylte for omsynsføremålet. Døme på tiltak kan vere organisert ferdsel, motorisert ferdsel, tiltak som skal handsamast etter jordlova og dispensasjonar etter PBL. Den samme vurderinga gjeld bruk av aktuelle kommunale og statlege økonomiske tilskot. Tiltak som fremmar fuglelivet vil tilsvarande bli vurdert positivt.

Det kan leggast til rette for planmessige tiltak for å avgrense beite frå skadegjerande gjess i området i samsvar med viltlova sine bestemmelsar. Tiltak kan omfatta til dømes jakt, anna uttak, skremming og styring av beiteområde.

Område verna etter naturvernlova (H720)

Eigne vernebestemmelsar gjeld.

Overordna grønstruktur (H540-4)

Område med særleg funksjon som grønstruktur. Detaljering kan gjerast i reguleringsplan.

Trasè for turveg Figgjoelva (H540-5)

Område for framtidig trasè for turveg langs Figgjoelva

Omsyn bevaring kulturmiljø (Nyare tids kulturminne) (H 570)

Nyare tids kulturminne framgår av kommunedelplan for kulturminne. Desse skal forvaltast i samsvar med retningslinjene i nemnte plan. Arbeid og tiltak som berører kulturminneinteressene, enten i form av kulturmiljø eller enkeltobjekt, kan ikkje utførast utan særskilt løyve frå kulturminnestyresmaktene.

Riving og større endringar av kulturminneobjekta bør ikkje tillast. Ved tiltak i nærleiken bør det leggast vekt på tilpassing til kulturminneobjektet. Omfanget av eventuelt vern avklares på reguleringsplannivå.